

Innspel til Stortingsmelding om villrein

Harald H Kvaalen, grunneigar og villreinjeger, Haukeli.

I tidlegare innspel har me synt at resultatata frå teljingar og avskyting tyder på at talet på villrein på Hardangervidda er i ferd med å gå ned sjølv om simlene vert freda. Årsaka til dette er at korkje sentrale eller lokale styresmakter har gjort noko for å setje grenser for folks ferdsel inn i villreinområda. Folk som hadde forstand på villrein åtvara tidleg om at turismen kom til å øydelege for reinen. Straks etter at Bergensbanen vart opna og hyttene tok til å koma på Ustaoset, skreiv jegeren Halfdan Blyth i Jakt og Fiske om korleis reinen tok til vert sjeldnare å sjå på den delen av vidda fordi der vart meir folk. I 1958 vart det gjort eit filmopptak med Halvor Hovden på Møstrond (<https://www.youtube.com/watch?v=iY3Wu8GrfzQ>) .

Der seier han at det gjeng gale med reinen om dersom der vert fleire turistar. Halvor kjende fjellet og reinen visste kva han snakka om.

I 1960 talet fekk Norsk Hydro konsesjon til å demme ned Valldalen og turisthytta Valldalsæter måtte fjernast. Det vart bygd ny hytte i Middalen, men i tillegg fekk Den Norske Turistforeining løyve til å bygge ny hytte ved Hellevatn og merke stiar dit både frå Middalsbu og Litlos og frå Hellevassbu til Haukelisæter. Dette leia trafikk inn i områda bak Nups- og Sandfloeggene som er dei høgaste områda på Hardangervidda. Hellevassbu vart opna for trafikk i 1966. I 1980 skreiv Røldal fjellstyre til Miljødepartementet og bad om at hytta vart flytta fordi den øydela for reinstrekket (Vedlegg 1). Formannen og medlemene i fjellstyret den tida kjende godt til korleis reinstrekket og jakta i området hadde vore før Hellevassbu vart bygd og hadde gode grunnar til å be om at hytta vart flytta. Sidan har me fått dokumentasjon for at dyr på trekk kan stoppe når dei møter på stien jamvel om der ikkje gjeng folk nett då (<https://www.youtube.com/watch?v=99Z8AKWgpbI>), (<https://www.youtube.com/watch?v=CpXgI64Ii8k>), (<https://www.youtube.com/watch?v=rh1qR-g4fqY>)

Villreinforskar Olav Strand har eit tilsvarande opptak ved ein av stiane som gjeng til DNT hytta Lågaros som skal finnast på NRK.no.

Etter at GPS merkinga av simler kom i gang i 2001 gjekk det ikkje lang tid før det vart heilt klart at reinen i juli månad og utover mot jakta i all hovudsak berre beiter i eit område frå Kvenna i nord til Songa og vestre delane av områda nord for Bora i sør. GPS merkinga har og synt at reinen trekker vestover frå Songa til Hellevassområdet for å beite i juni, men utover i juli når turisttrafikken aukar kryssar dyra denne stien sjeldnare og opphaldstida vest for stien gjeng ned (Kvaalen, Villreinen 2021 s. 83). Stiane Haukelisæter-Hellevassbu-Litlos og Middalsbu-Litlos er til saman svært store hinder for at fostringsflokkar om sommaren skal trekke frå Vinje til dei særst gode beita i Grøndalen/Hårteigen området i Ullensvang.

Regionplanen for Hardangervidda skulle taka vare på villreinen. Så langt har resultatet vore at ein del av villreinområdet i Valldalen vart gjort om til såkalla «Stølsdal» som opnar for

bygging av hytter. Ved Sysen i Eidfjord opna regjeringa Solberg for at det kunne byggast skisenter og hytteby som vil føre mykje ferdsel inn på den delen av vidda.

Ein slik bit-for bit nedbyggingspolitikk er sjølvst i strid med plikta til å taka vare på reinen og lovnaden om at bygdefolks rettar skulle vera intakte då Hardangervidda Nasjonalpark vart skipa. Internasjonale plikter og lovnadar til bygdefolket kan oppfyllast ved å gjera som me har bede om i tidlegare innspel: Fleire av turisthyttene, Lågaros, Hellevassbu, Litlos, Torhytta, Tyssevassbu og Hadlaskard må stengast. Stiane som leiar folk dit må og stengast. Hyttene kan overførast til fjellstyra og vera til bruk under jakt og fiske. DNT/Bergen Turlag må få vederlag som kan nyttast til å ruste opp andre hytter der trafikken er i lita konflikt med villreinen. Det fyrste trinnet må vera å stenge Hellevassbu frå sommaren 2024. Grunnen til å prioritere denne hytta er både at beiteområdet der grensar opp mot reinens kjerneområde i Songa og vert nytta kvart år, samstundes som der ikkje er noko tvil om at dyra trekker ut derifrå i juli månad når trafikken er høg. Stenging av hytta vil gjeve ei monaleg utviding av fostringsflokkanes noverande sommarbeiteområde med verknad frå 2024.

I tillegg må styresmaktene sei klårt at grunneigarane fleire stader langs utkantane av vidda må få høve til å forby ferdsel etter §16 i friluftsløva. Dersom ikkje dette også vert gjort vil trafikken berre taka nye vegar. Frå Starava data som er publiserte i NINA Rapport 1909 ser me allereie at turfolket finn seg nye umerka stiar – GPS har gjort dette mykje enklare. Vegane inn til kraftanlegga som er opne for allmenn motorferdsel er i røynda innfallsportar for ein stadig aukande turisme inn frå kantane av vidda. Innfallsportane for turistar må verta langt meir avgrensa og vera der det er tiltenkt, noko som ein berre kan oppnå med stadvis ferdselsforbod.

Vedlegg .1 Utdrag av brev frå Røldal fjellstyre.

Røldal fjellstyre sitt område er seleg utsett på grunn av D.N.T. si turisthytte Hellevassbu. Denne hytta, som er ei sjølvbetjeningshytte, vart bygd opp i midten av 60 åra, utan at Røldal fjellstyre fekk gi sin uttale om plassering av hytta. Den ligg svært strategisk til for skituristar og andre, av di det er berre 4-5 timars mars frå Haukelisæter. Den hev stor trafikk, og denne trafikken skjer av fleire av dei eldgamle trekkrutene til villreinen, og er soleis til stor skade for villreinområdet i Røldal statsalmenning. Men størst skade hev trafikk her om våren, før og etter kalving.

Røldal fjellstyre såg helst at Hellevassbu vart flytt, til dømes til Middalsbu eller Vivassdalen, og at D.N.T. tok opp igjen den gamle ruta frå Haukelisæter over Nupsret til Valdalen og Litlos.

Røldal, den 15. august 1980.

for Røldal fjellstyre

R. Saltvold

for

